



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 23.01.2019

Sak nr.: 16/3521-28

Internt l.nr.: 3686/19

Sak: 1/19

Tittel: **Gloppen Stryn og Hornindal kommunar - Kommunedelplan - E39 Byrkjelo - Grodås**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkesutvalet støttar det tilrådde alternativet til Statens vegvesen, jf. planomtalen kapittel 6, inkludert redusert standard på veg og kryss og innkorting av trase på Byrkjelo.
2. Fylkesutvalet understrekar at ein i det vidare arbeidet med trasear og tilpassingar må leggje stor vekt på lokale behov og interesser. På kommunedelplannivå er det og avgrensa med detaljar, og vanskeleg for den enkelte å sjå omfanget av konsekvensar for sine interesser og moglegheiter for tilpassingar. Dette gjer òg at det er spesielt viktig å ivareta desse omsyna.
3. Fylkesutvalet kan på dette plannivået ikkje seie oss samd i arealbruken, jf. lov om kulturminne § 8, fjerde ledd. Dette inneber at planen ikkje har rettsverknad før det er avklart om den råkar automatisk freda kulturminne. Arealbruken vert først avklart på reguleringsplannivå.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg:

Tillegg punkt 1:

Fylkesutvalet meiner likevel ein må vurdere løysingar som er minst mogleg arealkrevjande og ein standard som er tilpassa trafikkgrunnlaget og som held kostnadane på eit nivå som gjer at prosjektet er realiserbart.

Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet krev at omdisponert jord vert teken vare på for bruk til nydyrking og/eller jordforbetring.

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis over framlegga.

Fylkesrådmannen sitt punkt 1 saman med tilleggsframlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt framlegg til punkt 3, som vert punkt 4, vart samrøystes vedteke

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkesutvalet støttar det tilrådde alternativet til Statens vegvesen, jf. planomtalen kapittel 6, inkludert redusert standard på veg og kryss og innkorting av trasé på Byrkjelo. Fylkesutvalet

meiner likevel ein må vurdere løysingar som er minst mogleg arealkrevjande og ein standard som er tilpassa trafikkgrunnlaget og som held kostnadane på eit nivå som gjer at prosjektet er realiserbart

2. Fylkesutvalet understrekar at ein i det vidare arbeidet med traséar og tilpassingar må leggje stor vekt på lokale behov og interesser. På kommunedelplannivå er det og avgrensa med detaljar, og vanskeleg for den enkelte å sjå omfanget av konsekvensar for sine interesser og moglegheiter for tilpassingar. Dette gjer òg at det er spesielt viktig å ivareta desse omsyna.
3. Fylkesutvalet krev at omdisponert jord vert teken vare på for bruk til nydyrking og/eller jordforbetring.
4. Fylkesutvalet kan på dette plannivået ikkje seie seg samd i arealbruken, jf. lov om kulturminne § 8, fjerde ledd. Dette inneber at planen ikkje har rettsverknad før det er avklart om den råkar automatisk freda kulturminne. Arealbruken vert først avklart på reguleringsplannivå.